



Notat

Til:

Bodil H. Øpstebø
Kurt Helge Pedersen
Eli Kristin Berge
Aud Lygre Solvang
Kjerstin Skulstad
Kari Kallevik Hjartnes
Kari Anne Tolås Boge
Venla Arponen Snilstveit

Frå:

Jan Erik Boge

Innkalling til orientering om barnevern i kommunestyret torsdag 13.08.2020 kl. 15.00

Saknr./Journalnr
20/605/20/6762//JEB

Arkivkode
FA-F47

Dato:
24.07.2020

Kommunestyret vedtok 18.06.2020 at det skal etablerast eit eige barnevern/familievern i Samnanger, og at den noverande barnevernsavtalen med Bergen kommune skal avsluttast. Samnanger kommune skal derfor no starta på arbeidet med planlegging av eiga barnevernteneste.

I samband med dette vil det i kommunestyremøtet torsdag 13.08.2020 bli ei orientering om barnevern. Orienteringa blir halden av tidlegare barnevernsleiar i Røyken kommune, Tor Monsen. Han vil mellom anna orientera om arbeidet og organiseringa av barnevernet i Røyken. Til denne orienteringa vert leiarane i dei einingane/tenestene som samarbeider mest med barnevernet også innkalla (barnehagane, skulane, PPT, helsestasjon, kommunepsykolog). Som følgje av smitteverntiltak, vil det ikkje vera plass til meir enn ca. 10 tilhøyrarar under orienteringa, og derfor vert berre leiarane innkalla.

For andre interesserte vil det vera mogleg å sjå orienteringa på internett, i og med at kommunestyremøtet vert vist direkte der. Det blir også lagt ut opptak på internett etter møtet.

Kommunestyremøtet 13.08.2020 vert halde på biblioteket på Bjørkheim. Orienteringa om barnevern startar ca. kl. 15.00 og vil vara i om lag ein time.

Meld frå til servicesenteret på kommunehuset dersom du ikkje har høve til å delta på orienteringa.

Kopi til:

Charlotte Hageberg
Marianne Soleng